


25

13. DESEMBER
1979

Fiskets Gang



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

65. ÅRGANG
NR. 25 - 13. des. 1979
Utgis hver 14. dag
ISSN 0015 - 3133

Redaktør:

SIGBJØRN LOMELDE
Kontorsjef

Redaksjon:

DAGMAR MELING
GUNNAR NØDING
KNUT ANDREAS SKOGSTAD

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykk: A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 90.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 110.00 pr. år.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 800	1/4 kr. 225
1/2 kr. 400	1/6 kr. 150
1/3 kr. 300	1/8 kr. 125

Omslagets 4. side (1/3 s.) kr. 400.

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS
SOM KILDE
ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Latin Amerikas fiskeressursar gir grunnlag for auke i årsfangsten på 8 millioner tonn Fish resources in Latin America represent a potential catch increase of 8 mill. tons a year	775
Distriktslaboratoria — eit steg framover for Fiskeridirektoratets Kontrolliverk Regional laboratory service — a step forward in the state's fish quality control activity	777
Rapport frå forsøksfiske etter sjøkreps med teiner på Vestlandet Report on experimental creel-fishing for Norway lobster on the west coast of Norway	779
Historisk kartlegging av norsk fiskerinæring University of Bergen is preparing historical survey on fishing industry in Norway	785
Med «Colin Archer» til Finnmark 85 år etter bragden i Hamningsberg «Colin Archer» — pioneer in Norwegian sea rescue service	796

Forsidefoto: Alf Fagerheim.
Så tam kan torsken bli at den spiser fra hånda. Dette er fra Akvakulturstasjonen i Austevoll.

Latin Amerikas fiskeressursar gir grunnlag for auke i årsfangsten på 8 millioner tonn

Grunn til å vente stor auke også innan akvakultur

«Fiskets Gang»- reportasje: Trond Bjørndal

Dette er siste artikkel i ein serie om fiskeria i Sør-Amerika som Trond Bjørndal har skrivne for «Fiskets Gang». Bjørndal kjem i denne artikkelen inn på dei store utviklings-mulighetene som fisket i Sør-Amerika har. Dei fleste opplysningane i artikkelen er henta frå kjelder i Den Inter-Amerikanske Utviklingsbanken.

Tidlegare artiklar i serien:

1. «Eksportauke på 30 prosent av norsk klippfisk til Brasil», «FG» nr. 20.
2. «Brasil framfor kraftig auke i fiske og foredling», «FG» nr. 21.
3. «Argentina reknar med å tredoble fisket dei seks neste åra», «FG» nr. 23.

Svikten i fisket etter achoveta førte til at samla fangstar i Latin-Amerika i 1970-åra vart redusert frå over 14 millionar tonn til omlag 7 millionar tonn pr. år. I Peru gjekk fangstane av achoveta ned frå 10,3 millionar tonn i 1971 til 1,8 millionar tonn i 1973, men strenge reguleringsstiltak har ført til at dette fisket no er i ferd med å ta seg opp att. Ein reknar med at fiskeressursane i Latin-Amerika — utanom krill — kan gje grunnlag for ein auke i årskvantumet på 8 millionar tonn. I tillegg kjem akvakultur med ein mogeleg produksjonsauke på kanskje 1,5 millionar tonn pr. år.

Noko som er karakteristisk for mange land i Latin Amerika er under-sysselsetting, rik tilgang på fisk både i kystfarvatn og fjerne farvatn, pluss stor etterspurnad etter fisk til lave prisar. Dette er ein heilt annan situasjon enn den ein kjenner frå mange utvikla land.

Proteinmangel

Mangelen på animalsk protein i kosthaldet til menneska i Latin Amerika er rekna til rundt ti millionar tonn pr. år. Ein tek sikte på at minst ein fjerdedel av dette underskotet bør dekkjast med fisk. FAO har kome fram til at ei eining

animalsk protein produsert av fisk berre krev mellom 1/3 og 1/30 av energien som trengst for å produsere det tilsvarande gjennom intensivt jordbruk.



Teknologi som er tilpassa lokale tilhøve er ein viktig føresetnad for utvikling av fiskeria i Latin Amerika. Dette er ein del av ein oppmalingsfabrikk for anchoveta i Peru. (Foto: Peruvian Times)

Akvakultur

Ikkje berre Brasil arbeider med utvikling av akvakultur (jfr. artikkel i «FG» nr. 21). Det same gjeld også i stor grad for land i Sentral Amerika, Mexico, Columbia og Venezuela. Heile kontinentet har eit areal på vel 10 millionar hektar som kan nyttast til dette føremålet. Dette omfattar naturlege innsjøar, kystlaguner og kunstige innsjøar og dammar. Ein reknar med at dette kan gje grunnlag for ein produksjonsauke på 1,5 millionar tonn pr. år.

Den Inter-Amerikanske Utviklingsbanken

Den Inter-Amerikanske Utviklingsbanken, som har 41 medlemsland i Amerika, Europa og Asia, har m.a. til føremål å støtte prosjekt som inneber produksjon av rimeleg mat til dei underernærte delane av fol-



Inga ressurskrise i Latin Amerika. Årskvantumet i denne verdensdelen kan aukast med 8 mill. tonn (Foto: Mar y Pesca)

ket. Eit anna viktig mål er å fremje nye økonomiske aktivitetar som kan gje sysselsetting for lavere inntektsgrupper.

I 1970 starta Utviklingsbanken eit program som tek sikte på å auke interessa for fiskeriutvikling i Mellom- og Sør Amerika. Fram til i dag har banken teke del i førebuing av 17 nasjonale fiskeriutviklingsprosjekt i like mange land. Desse prosjekta omfattar m.a. eit fangstkvantum på 900.000 tonn pr. år, bygging av meir enn 1 100 nye fiskebåtar og at det vert skapt om lag 46 000 nye arbeidsplassar i

fiske, foredling og marknadsføring. Samla investeringar utgjer tre milliardar kroner.

Av desse 17 prosjekta er åtte til no sett ut i livet. Desse prosjekta er i Mexico, Den Dominikanske Republik, Panama, Costa Rica, El Salvador, Honduras og Ecuador, samt eit akvakulturprosjekt i Columbia. Dei andre ni prosjekta er framleis under vurdering.

Banken sin strategi for første steg av regional fiskeriutvikling er å oppmuntre til integrerte program. Desse omfattar fysisk infrastruktur som hamner og terminaler, mo-

derne fiskebåtar, tilverkningsbedrifter, marknadsføring, opplæringsentra, forskingsinstitutt og administrative organ for utføring og styring av prosjekta.

Under føresetnad av god koordinering representerer desse prosjekta ein omfattande plan for fiskeriutvikling, som unngår flaskehalsar som ofte oppstår ved enkeltstående fiskeriprojekt. Ein viktig del av desse prosjekta er val av høveleg teknologi, som er tilpassa dei menneskelege ressursane og naturressursane i landa det gjeld. Den mest moderne teknologi vil ikkje alltid vere den beste.

Framtidsutsikter

Som vist i denne og tidlegare artiklar, står Latin Amerika framfor ei stor utbygging av fiskeria. I denne utbygginga vil dei enkelte landa trenge hjelp utanfrå, både når det gjeld utstyr og fagkunnskap. Vårt land har til no berre i liten grad teke del i denne utviklinga.

Den Inter-Amerikanske Utviklingsbanken spelar ei svært viktig rolle når det gjeld økonomisk utvikling i Latin Amerika, både på fiskerisektoren og på andre sektorar. Noreg er enno ikkje medlem av denne banken, men vil med tida kanskje kunne verte det. Medlemskap ville truleg kunne medvirke til å gje oss betre innpass på desse markedene.

MELDINGER

MELDING FRA SJØFARTS-DIREKTORATET

ADVARSEL MOT FØRING AV IS, VANN OG FISK I LASTEROM NÅR GODKJENNELSE FOR DETTE IKKE FORELIGGER

Sjøfartsdirektoratet er blitt kjent med at det praktiseres fiske hvor lasterom blir fylt med is, vann og fisk uten at

godkjennelse for slik driftsoperasjon foreligger.

Kun de fartøy der lasterommet er inndelt, og alle skott er dimensjonert for full vanntrykkhøyde som tanklast (T-klasse), har tillatelse til å føre fisk i sjøvann i lasterommet.

Fiskefartøy der skott i lasterommet ikke er dimensjonert som lastetank (S-klasse), kan kun føre fisk løs i lasterommet når alle skott er dimensjonert for føring av slik last, og lasten dessuten blir skikkelig drenert for vann, olje eller lake. Dersom lasterommet ikke dreneres, vil skottene bli utsatt for en større belastning enn forutsatt og kan gi etter.

Løse langskipsskott som er montert

for å hindre at lasten forskyver seg, vil ikke hindre vanngjennomtrengning. Fri væskeoverflate i fiskelasten vil følgelig bli betydelig øket når det kommer vann i lasten. Dette forhold vil redusere fartøyets stabilitet vesentlig, og kantring kan inntreffe uten varsel.

For å kunne forvise seg om at lasten kan dreneres skikkelig, er det viktig at lensearrangementet holdes i god stand og prøves regelmessig.

Dersom ovennevnte forhold ikke følges fullt ut, er sikkerheten til besetning og fartøy i fare.

Distriktslaboratoria — eit steg framover for Fiskeridirektoratets Kontrollverk

Kontrollverkets laboratorium i Ålesund er offisielt opna

Fiskeridirektoratets Kontrollverk nådde ein aldri så liten milepæl onsdag 5. desember. Da vart Kontrollverket sitt tredje distriktslaboratorium offisielt opna. Dette skjedde i Ålesund. Frå før er det distriktslaboratorium i Tromsø og Svolvær. Det nye laboratoriet i Ålesund skal dekke distriktet frå Stad til Nordland grense, og er knytta til Kontrollverket sitt distriktskontor i Ålesund.

Det er ikkje tilfeldig at dei nye laboratoria blir knytta til Kontrollverket sine distriktskontor. Dette er eit ledd i den omorganiseringa av Kontrollverket som er vedtatt av Stortinget tidlegare i år. Det ligg føre ei Stortingsmelding om omorganiseringa, ei melding som baserer seg på forslag frå Rasjonaliseringsdirektoratet og Fiskeridirektøren. Her heiter det mellom anna at området frå Stad til grensa

mellom Nord-Trøndelag og Nordland skal vere eitt distrikt med hovudsete i Ålesund. Men det er ein avgjerende føresetnad for denne organiseringa at dei nåverande kontora i Kristiansund og Trondheim må bli gitt muligheiter til å fylla sine oppgaver tilfredstillande.

Distriktslaboratoria skal dekke både kjemiske, fysikalske og bakteriologiske undersøkersar. I tillegg skal laboratoria vere service-

organ som skal kunne ta på seg analyseoppgåver for fiskeindustrien. Dei skal kort sagt dekke daglege oppgåver i samband med kvalitetskontrollen av fisk, medan dei meir omfattande arbeidsoppgåvene framleis blir dekkta av Sentrallaboratoriet i Bergen.

Ved opninga av laboratoriet i Ålesund peika avdelingsdirektør Sigmund Skilbrei i Fiskeridirektoratet på at vi internasjonalt møter stadig strengare krav til analysearbeidet, dette gjeld alle produktgrupper og marknader. Dette set høge krav til kontrollarbeidet, og det krevst eit nært samarbeid mellom fiskarar, produsentar og eks-



Fornøgde representantar for Fiskeridirektoratets Kontrollverk konstaterer at ingeniør Arve Henningsen (sittande) er i gang med arbeidet på det nye distriktslaboratoriet i Ålesund. Ståande frå v. avdelingsdirektør Sigmund Skilbrei, fungerande distriktsinspektør Bjarne Haugen, laboratoriesjef ved Sentrallaboratoriet i Bergen Norvald Losnegard, sjefsinspektør Heine Blokhuis og lengst til h. laboratorieleiar Levy Carlson.



Dette er frå det nye laboratoriet i Tromsø som kom i drift for ei tid tilbake. Til h. ser vi laboratorieleiar Truls Nesbakken og til v. laborant Kirsten Schmidt.



Laboratorieleiar Levy Carlson kan glede seg over eit splitter nytt laboratorium som skal dekke kontrollarbeidet på strekninga Stad—Nordland grense.

portørar. I dag står norske fiskeprodukt i ei sterk stilling internasjonalt. God kvalitet gjer at vi kan hevde oss i konkurransen trass i svært høge produksjonskostnader.

Det er eit mål å styrke konkurranseevna for norsk fiskerinæring, derfor må vi legge vekt på å følgje opp dei krav vi blir møtt med, sa avdelingsdirektør Skilbrei. I dag er da også det norske kontrollapparatet godt utbygd, men med dei reduserte ressursane som nå er tilgjengelege, er det meir enn nokon gong om å gjere å utnytte råstoffet på beste måte.

Leiar ved laboratoriet i Ålesund er Levy Carlson, og han kunne seie seg godt nøgd med det nye laboratoriet. Rett nok står det igjen å få i sving den bakteriologiske delen av «labben», og da vil det også bli tilsett veterinær for å ta seg av dette arbeidet. Når dette er gjennomført trur eg vi står godt rusta til å stette dei krav som blir sett til oss, seier laboratorieleiar Carlson, som har lang røynsle som leiar for Statens Tankontroll i Ålesund. Også trankontrollen høyrer inn under det nye laboratoriet.

Klippfisk-dominans

Ved opninga av laboratoriet i Ålesund vart det også framheva

at nettopp Møre-distriktet spelar ei viktig rolle i norsk fiskerinæring, og det er eit distrikt som har vist å kunne innrette seg etter utviklinga i næringa. Distriktet peikar seg særleg ut med omsyn til klippfisk-eksport. 85—90 prosent av klippfisk-eksporten går frå Møre og Romsdal. Sett under eitt er heile distriktet frå Stad til Nordland grense eit viktig og stort arbeidsområde for Kontrollveket. I framtida vil Ålesund bli eit senter for kontrollarbeidet på denne delen av kysten. At Ålesund er utpeika som regionsenter, har mellom anna samanheng med planane om ein fiskeindustriskole i byen. Det er førebels uvisst kva tid desse planane blir realisert.

Arbeidet i marken

Sjølv om distriktslaboratoria vil spele ei viktig rolle i kontrollarbeidet, er det framleis inspektørane sitt arbeid i marken som vil vere grunnlaget for kvalitetskontrollen. Inspektørane har sitt arbeid ute på mottaks- og industrianlegga, og ei desentralisert organisering er heilt nødvendig i denne delen av kontrollverksemda. I analysearbeidet er det derimot nødvendig å samle kreftene på ein skilde stadar både av faglege og økonomiske omsyn.

Laboratoria sine oppgåver

Vi skal ikkje her gå i detaljar om distriktslaboratoria sine oppgåver. Hovudoppgåva er naturleg nok å ta del i kvalitetskontrollen av fisk og fiskeprodukt og føre tilsyn med industrianlegga sin hygieniske standard. Laboratoria blir eit nyttig hjelpemiddel i dette arbeidet, ikkje minst for Kontrollverket sine inspektørar som kan få høve til å stadfesta sine førebelse undersøkelser. Laboratoria vil naturleg nok også granske om produkta er forurensa, til dømes av tunge metall. På dette området er elles situasjonen god for norske fiskeprodukt, noko som er dokumentert gjennom analyser av råstoff og produkt.

Rapport fra forsøksfiske etter sjøkreps med teiner på Vestlandet

Av Åsmund Bjordal, Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt, Fangstseksjonen.



Forsøksfisket etter sjøkreps ble utført med m/s «Prektig».

Under visse forutsetninger skulle det være mulig å oppnå lønnsomt fiske etter sjøkreps på Vestlandet, går det fram av denne toktrappen fra forsøksfisket som pågikk fra 20. september til 31. oktober i høst. Det er imidlertid sannsynlig at tidsrommet februar—april vil gi bedre fangstresultat. Forsøksfisket nå i høst ga relativt små fangster, noe som kan skyldes at krepsen skifter skall om høsten og vandrer lite, skriver artikkelforfatteren.

Toktets hovedformål var å lokalisere forekomster av sjøkreps på kysten av Vestlandet/Trøndelag, med tanke på kommersielt teinefiske. Det ble ellers forsøkt med ulike teinetyper og agn.

Materiale og metoder

Fartøy

Toktet ble utført med m/s «Prektig» (H-96-A), en 42 fots plastsjark. En hydraulisk rekkemontert teineløfter ble brukt for å hale teinene, (fig. 1).

Redskap/fiskemetode

Det ble brukt 3 ulike teinetyper (50 av hver):

- «Skotteteina» (fig. 2)
- «Færøyeteina» (fig. 3)
- «Miniteina» (fig. 4)

De to første brukes i kommersielt sjøkrepsfiske henholdsvis i

Skottland og på Færøyane, mens «Miniteina» ble konstruert i forbindelse med dette toktet.

Teinene ble satt i lenker, med 12 fv. mellomrom. Hver lenke besto som regel av 15 teiner. Det ble ikke brukt ekstra forankringsmidler. Teinen ble festa til settelina med ei klemme (fig. 5) under setting. Fortaumen mellom klemma og teina var ca. 1,5 m.

Det ble forsøkt med 3 ulike tau-typer som settelina: 9 mm impregnerert nylon, 8 mm og 6 mm spun polyester.

Om lag halvparten av teinene i



Nephrops norvegicus — eller sjøkreps på godt norsk. Dette er et forholdsvis stort eksemplar.




Fig. 1. Hydraulisk teineløfter. (Produsent: Turøy mek. verksted).




Fig. 2. Skotteteine. Lengde: 56 cm. Bredde: 38 cm. Høyde: 32 cm. Indre diameter i kalvåpning: 8 cm.



Dette er teineløfteren som ble benyttet under forsøksfisket. (Alle foto: Åsmund Bjordal).




Fig. 4. Minitelna. Kvadratisk konstruksjon med 2 kalver. Alle mål i cm. 1) Sett ovenfra. 2) Sett fra sida. K = kalv, T = tømmeluke. Ramme: 8 mm rundtjern. Kledning: Not (28 mm maskevidde). Kalver: Plastnetting (polyetylen), 1 x 1 cm ruter.




Fig. 5. Klemme for festing av teine til settelina.




Fig. 3. Færoysteina. Kvadratisk konstruksjon med 2 (alternativt 3) kalver. Alle mål i cm. 1) Sett ovenfra 2) Sett fra sida. K = kalv, T = tømmeluke, X = kalvplassering med 3 kalver. Ramme: 8 mm rundtjern. Kledning: Not (28 mm maskevidde), montert stolbærett. Kalver: Plastnetting (Polyetylen), 1 x 1 cm ruter. Opprinnelse: Konstruert av H. Høghammer, Færoyane.




Fig. 6 A. Posisjonsangivelse for stasjonene 1—41.

Tabell 1. Fangstdata for sjøkrep basert på teiner egnet med salt brisling. (Jfr. fig. 6 A, B, C for posisjonsangivelse.)

Stasjon nr.	Område	Sjøkart nr.	Dyp (fv)	Ant. sjøkrep pr. teine		Gj.sn. vekt pr. teine	Stasjon nr.	Område	Sjøkart nr.	Dyp (fv)	Ant. sjøkrep pr. teine		Gj.sn. vekt pr. teine
				Gj.sn.	Max						Gj.sn.	Max	
1	Gulen	24	84-88	0.4	2		86	»	»	71-78	2.7	6	0.30
2	»	»	104				87	Lysefj.	»	86-93	0.5	3	
3	»	»	30-38				88	»	»	62-64	0.1	1	
4	»	»	123-137	0.9	2		89	Kobbaleia	»	40-46			
5	»	»	36	0.7	4		90	V. Sunde	20	15-18			
6	Vadheim	251	20-34				91	Høylands-sd.	»	33-34	0.1	1	
7	»	»	40-80	0.6	2		92	»	»	117-121			
8	Høyanger	»	20-40	0.1	2		93	»	»	17-22			
9	»	»	24-110	0.1	1		94	Lauvviksd.	»	28-33			
10	Sognefj.	»	ca. 650				95	Romsasd.	»	58	0.1	1	
11	Fuglesetfj.	»	53-57				96	Haugsd.	»	42-47			
12	»	»	28-34				97	Ølsfj.	»	24-27			
13	Sogndalsfj.	252	45-58	0.3	2		98	»	»	23-25			
14	»	»	20-22				99	Nyleia	19	50-51	1.3	4	0.20
15	»	»	70-76	0.6	3		100	»	»	45-55	0.4	2	
16	»	»	96				101	»	»	53-56	1.2	3	0.12
17	»	»	70-90	0.2	1		102	Engesd.	»	45-47	5.0	7	0.67
18	»	»	96-110				103	»	»	48-52	2.6	4	0.50
19	Nærøfj.	»	34-36	5.0	8	0.44	104	»	»	32-40	1.4	5	0.24
20	»	»	37	7.0	8	0.98	105	Førdesfj.	17	41-46			
21	»	»	20-23	5.1	8	0.74	106	»	»	42-43			
22	»	»	42-43				107	»	»	41-43			
23	»	»	41-43				108	Falkeidflæ	205	57-64	0.3	1	
24	Aurlandsfj.	»	22-29	0.6	1		109	Boknafle	17	59-65			
25	»	»	34				110	Førdesfj.	17	40-42			
26	»	»	40-41	1.4	3	0.24	111	Saudafj.	15	35-53	0.1	2	
27	Indrefj.	»	38-40				112	»	»	4-24	1.4	5	0.10
28	Arnafj.	»	63-67	0.1	1		113	»	»	24-40	0.3	3	
29	»	»	91-94	0.1	1		114	»	»	40-54			
30	»	»	107	0.7	1		115	»	»	13-25	0.1	1	
31	Finnfj.	251	30-34	0.3	1		116	»	»	88-89			
32	»	»	45-48				117	»	»	10-22	0.2	2	
33	Stongfj.	25	97-100	0.6	3		118	Lovrafj.	»	20	0.3	4	
34	»	»	79-82	0.9	4		119	»	»	30-36	1.7	4	0.11
35	»	»	65-70	2.3	6	0.30	120	Orøyvik	»	14-15			
36	Eidsfj.	253	48-50	1.2	3	0.10	121	Vatlandsvåg	»	34-38			
37	»	»	64-68	1	3	0.10	122	»	»	35-42			
38	Høyen	253	41-42	0.1	1		123	Ølesd.	»	47-49			
39	»	»	80	0.3	1		124	Fisterfj.	»	89	0.1	1	
40	»	105					125	Mastrafj.	16	43-47			
41	Gløppen	253	34-35				126	»	»	31-35	0.4	1	
42	Nogvalfj.	31	32-35				127	»	»	41-42			
43	»	70					128	Amøyfj.	»	57-62	0.1	1	
44	Longvalfj.	31	31-34		1		129	Idsefj.	»	41-42			
45	»	»	30	0.1			130	Hølen	»	56-58			
46	Vigvalfj.	»	102				131	Lysefj.	205	62-64			
47	»	»	85-92				132	»	»	49-51			
48	Grytafj.	126	122-123				133	»	»	36-37			
49	»	»	80	1.6	4	0.17	134	»	»	32-47			
50	Tennfj.	»	76-77	1.1	5	0.17	135	»	»	50-58			
51	»	»	77-78	0.9	2		136	Høgsfj.	»	98-100	0.1	1	
52	»	»	70-72	0.8	3		137	Karmsd.	17	20-43			
53	Harøyfj.	33	51	0.3	1		138	Sletta	»	62-68			
54	»	»	58-60	0.4	2		139	Storsd.	20	25-35			
55	»	»	74-75	0.1	1		140	»	»	76-93	0.3	2	
56	»	»	72-74	0.7	3		141	»	»	98			
57	»	»	79-80	0.3	1		142	»	»	21-36			
58	»	»	68-69	0.4	2		143	Rosendal	»	27-30	0.4	1	
59	Arasvikfj.	219	109				144	»	»	62-70	0.5	1	
60	»	»	62-64				145	»	»	33-36	0.3	1	
61	»	»	53-54				146	Fyksed.	117	80-92			
62	Auresund	»	58-68				147	»	»	38-41			
63	Vinjefj.	»	64				148	Fyksefj.	117	36-40			
64	»	»	44-58	0.1	1		149	Øystese	»	66-74			
65	Frønfj.	33	36-40	0.1	1		150	»	»	30-32			
66	»	»	31-33	0.1	1		151	Nordheimsd.	»	19-22			
67	»	»	32-41				152	Ulvikfj.	118	28-32			
68	Tresfj.	34	36-38				153	»	»	54			
69	»	»	38-40	0.1	1		154	»	»	55			
70	Innfj.	»	61-65	0.7	2		155	Osafj.	»	48-56			
71	Isfj.	»	42-48	0.1	1		156	»	»	85			
72	»	»	24				157	Simadalsfj.	»	18			
73	»	»	21				158	»	»	14-17			
74	Karløyfj.	34	96-98	0.2	1		159	»	»	20-44			
75	»	»	105-111	0.6	1		160	Hissfj.	117	28-42			
76	Veøyfj.	»	78-79	0.4	2		161	»	»	15-28			
77	Karløyfj.	»	46-48				162	»	»	17-28			
78	Fannefj.	»	39	0.2	1		163	»	»	22-28			
79	»	»	27				164	Onarheimsfj.	22	63-68	0.2	1	
80	»	»	34-35				165	»	»	62-64			
81	Storfj.	33	71	0.6	1		166	»	»	69-74	0.3	1	
82	Tomrefj.	»	87-89	0.4	2		167	»	»	29-42			
83	Midfj.	»	93-98	0.1	1		168	»	»	34-38	0.1	1	
84	»	»	105-110				169	Bjørnefj.	»	85-89			
85	Fanafj.	21	84-85	1.6	4	0.22	170	Lokksd.	»	30-50			

Tabell 2. Gjennomsnittsfangster for de 3 teinetypene — basert på teiner egnt med salt brisling, (fra stasjonene 19, 20, 21, 26, 35, 50, 85, 86, 102, 103 og 119).

Teinetype	Ant. teinehal	Ant. sjøkreps	Gj.sn. fangst pr. teine
Skotteteina	33	98	2.97
Færøyteina	38	111	2.92
Miniteina	29	81	2.79

Tabell 3. Gjennomsnitt- og maksimal lengde for sjøkreps for de 3 teinetypene.

Teinetype	Ant. sjøkreps	Gjennomsnittslengde*	Maksimal lengde*
Skotteteina	276	16.98	23.5
Færøyteina	236	17.48	24.5
Miniteina	213	17.12	25.3

* Total lengde målt i cm, fra pannerørn til halespiss.

Tabell 4. Agnsammenligning, mellom salt brisling og malt fiskeavfall (saltet) — basert på fangster fra stasjonene 19, 20, 21, 35, 49 og 50.

Agntype	Ant. teiner	Ant. sjøkreps	Gj.sn. fangst pr. teine
Salt brisling	50	184	3.68
Malt fiskeavfall	47	47	1.00

hver lenke ble egnt med salt brisling. Under første halvdel av toktet (f.o.m. stasjon 84) ble de resterende teinene egnt med malt fiskeavfall (hovedsaklig hyse), mens det seinere ble brukt røykte brislinghoder.

For øvrig ble det gjort enkelte forsøk med rauåte, makrell, brosme og slimål (alt ferskt), som agn.

Agnen ble plassert i 0,5 liters perforerte plastbokser som ble lagt inni teina.

Fisketid

De fleste resultatene er basert på 1 døgns fiske.

Resultater

Fangst

Det ble gjort 2 684 teinehal fordelt på 170 stasjoner, hvorav 80 med fangst av sjøkreps. Figurene 6 A, B og C viser omtrentlig posisjon for de ulike stasjonene, mens tabell 1 gir en oversikt over fangstresultatene. I tabell 1 er gjennomsnittsfangst pr. teine og beste resultat i ei enkelt teine oppgitt. Disse verdiene kombinert anses som en brukbar indikator på fangstpotensialet for hvert enkelt felt. Gjennomsnittsvekt pr. teinehal er angitt for felt med følgende fangstkombinasjon: Gjennomsnittsfangst

på 1 eller flere sjøkreps pr. teine, samt maksimalfangst på 3 eller flere sjøkreps i et teinehal. Disse felte må betraktes som interessante for nærmere undersøkelse med tanke på kommersielt fiske.

Teinesammenligning

Hver lenke var vanligvis sammensatt av 5 teiner av hver teinetype, for å undersøke eventuell forskjell i fangsteffektivitet. På de fleste stasjonene var fangstene for små og sporadiske som grunnlag for en slik sammenligning. Tabell 2 viser derfor fangstresultatet for de 3 teinetypene fra 11 stasjoner med relativt gode fangster, basert på teiner egnt med salt brisling.

Som tabellen viser, er det svært liten forskjell mellom gjennomsnittsfangstene for de ulike teinetypene. Materialet gir ikke grunnlag for noen god sammenligning, men det er rimelig å anta at det ikke er betydelig forskjell i fangsteffektivitet mellom disse 3 teinetypene.

Kalvene i Færøyteina og Miniteina er identiske; fleksible med indre kalvdiameter omkring 9,5 cm. Skotteteina har derimot en stålring med 8 cm indre diameter i indre kalvåpning. En kunne derfor forvente en størrelses-seleksjon som ga relativt meir små sjøkreps i fangstene for Skotteteina. Gjennomsnitt- og maksimalstørrelse for sjøkreps fanget i de ulike teinetypene er gitt i tabell 2. Resultatet viser noe lavere verdier for Skotteteina, men det er ikke grunnlag for å påvise statistisk forskjell i størrelsesfordelingen mellom teinetypene.

Agsammenligning

Det ble oppnådd fangst med alle agntypene. Systematisk agnsammenligning ble foretatt mellom salt brisling — malt fiskeavfall (saltet). Salt brisling ga her betydelig bedre fangst enn malt fiskeavfall, (se tabell 4).

Det ble også gjort systematiske sammenligningsforsøk mellom salt brisling og røykte brislinghoder, men fangstene ga ikke grunnlag for å påvise forskjell mellom agntypene.




Fig. 6 B. Posisjonsangivelse for stasjonene 42—84.




Fig. 6 C. Posisjonsangivelse for stasjonene 85—170.

Tekniske erfaringer

Den hydrauliske teineløfteren fungerte godt, men lineskiva burde hatt trangere spor for å holde bedre an på tauet. Av de 3 tau-

typene som ble utprøvt var 8 mm spun polyester langt å foretrekke. Haling av ei lenke på 15 teiner tok vanligvis 10—20 min., alt etter dybden. Systemet med klemmer for festing av teinene til hovedlina fun-

gerte godt, men tapsprosenten av teiner var for stor til at denne metoden kan anbefales i praktisk fiske.

Diskusjon

Resultatene for dette toktet er for det meste basert på 15—20 timers fisketid på hvert felt. Det er ellers relativt stor geografisk spredning mellom de ulike felte. Det er derfor et klart behov for meir omfattende lokalt forsøksfiske over en lengre tidsperiode på felt hvor det er registrert sjøkreps, samt på aktuelle lokaliteter som hittil ikke er undersøkt.

For å påvise årstidsvariasjoner ble det fiska på en del felt som er kjent fra tidligere. Resultatene er ikke helt entydige, men de fleste av disse felte ga dårligere fangst nå enn i perioden februar—april.

I løpet av toktet ble det registrert uvanlig mye sjøkreps med blott skall. En skallsifteperiode med lav vandringsaktivitet kan derfor være årsaken til relativt små fangster i dette tidsrommet. Det er derfor grunn til å tro at fiske i perioden februar—april vil gi bedre fangstresultat.

I tidligere agnsammenligningsforsøk er det ikke påvist betydelig forskjell i fangstrate for ulike agntyper. Agnsammenligningen mellom salt brisling og malt fiskeavfall viser imidlertid klart agnets betydning for fangstmengden. Det er derfor viktig å fortsette utprøvingen av nye agntyper.


Da det ikke ble påvist forskjell i fangsteffektivitet mellom teinetyper som ble anvendt, er «Mini-teina» å anbefale i praktisk fiske, da den er enklere å produsere, lettere å håndtere og tar mindre plass om bord enn de andre teinetyper.

Med rasjonell drift er det realistisk å snu minst 300 teiner pr. dag (avhengig av båttype og mannskapsstørrelse). Det skulle derfor være mulig å oppnå lønnsom drift, selv med relativt lavt fangstkvantum pr. teine.


Moderne teknikk gjør et gammel system til en ny Bestselger: Skinnemaskinen

BAADER® 51

Kombinasjonen skinnevalsenkniv er ingen nyhet. Dette system er i BAADER 51 utviklet til teknisk perfektjon. Fiskefileten skinner med stor pålitelighet og maksimalt utbytte.



Det særdeles gode skinneresultat er muligjort ved at en skarp kniv, spesielt slipt, fjerner skinnen fra fileten.



BAADER har siden 1926 konstruert skinnemaskiner med frem og tilbakegående kniver, endeløse bånd eller stasjonære kniver. BAADER 51 er således et resultat av mere enn 50 års erfaring. Dens spesielle trekk er: Stor kapasitet grunnet maskinens store bredde, stort anvendelsesområde, enestående arbeidsutførelse, særdeles lavt støynivå og gearkasse i rustfritt stål for lang levetid. BAADER 51 er derfor Bestselger. BAADER-maskiner er velkjent for sin varighet.

Agent i Norge:
BRAMASKIN A/S
Søndre Nes - 1344 Haslum
Tlf. 53 39 50 - Telex 16032

BAADER® 51

Nordischer Maschinenbau Rud. Baader GmbH + Co. KG
Postfach 1102 · D-2400 Lübeck 1 · Tel. 04 51 / 5 30 21 · Telex 026 839

Historisk kartlegging av norsk fiskeri-næring

Forskarane vil vita om arkiv i verksemder, organisasjonar og hjå private

Historisk institutt ved Universitetet i Bergen vil no registrera det som finst av fiskerihistorisk arkivtilfang i Noreg.

Instituttet har sendt ut spørjeskjema til om lag 2 000 verksemder, organisasjonar og einskildpersonar i eller med tilknytning til fiskerinæringa her i landet. I skjemaet vert mottakarane spurde om dei har arkiv som kan vera nyttige for fiskeri-historikarane.

Instituttet vender seg m.a. til fabrikkar, fiskarar, notbasar, fiske-skipparar, fiskebåtreiarar, organisasjonar og organisasjonsfolk med spørsmål om dei har arkiv, kva for tidsrom arkivet dekkjer, kva for tidsrom det er tale om, t.d. tilverking m.a. sildolje- og hermetikk-industrien, omsetnad/eksport, redskapsindustrien og einskilde andre industriar med tilknytning til fis-


keria. Forskarane vil og vita kva slag dokument det gjeld: styreprotokollar, rekneskapsbøker, dagbøker o.a.

— Arbeidet er ein del av forskingsprosjektet «De norske fiskeriers historie». Ei mindre omfattande, men elles tilsvarande gransking vart gjord i Hordaland/Bergen i mai 1979. Svarprosenten var tilfredsstillande i dei fleste gruppene, og det vart funne tilfang med stort fiskerihistorisk verdi, seier førsteamanuensis Edgar Hovland ved Historisk institutt i Bergen, som er administrativ leiar for «De norske fiskeriers historie».

— Spørjeskjemaet vert i første rekkje sendt til verksemder som er i drift, til organisasjonar som er i verksemd og til personar som lever no. Men vi er sjølv sagt like

interesserte i arkivtilfang som er teke vare på etter *nedlagde* verksemder og organisasjonar og etter avlidne einskildpersonar. Dersom nokon av lesarane skulle eiga eller ha kjennskap til slikt tilfang, stort eller lite, ville vi vera særst takksame om dei tok kontakt med oss, slik at det kan bli registrert. Vi er å treffa på telefon (05) 21 00 40 — lokal nr. 2302, og adressa vår er «De norske fiskeriers historie», Historisk institutt, postboks 23, Bergen-Universitetet, seier Hovland, som strekar under at det i denne omgangen ikkje er tale om innsamling, men om *registrering* av kjeldetilfang.

— For oss har alle opplysningane verdi, også «negative» svar, det vil seia opplysning om at arkiv ikkje finst. Då slepp vi å venda oss



Dette er også historie — den fremragende fotografen Wilse har tatt dette bildet som nå befinner seg i Fiskeridirektoratets bibliotek.

fåfengt til vedkomande fleire gonger.

Strukturendringane har vore større i fiskerinæringa enn i mange andre næringar. Berre dei siste 10—20 åra har tradisjonsrike næringsgreiner som t.d. hermetikk-industrien, sildnæringa og tørrfisknæringa vore gjennom monalege endringar, og desse omskifta går framleis føre seg. Det hastar difor med å få eit oversyn over det som finst av historisk tilfang, for å få dette berga for framtida.

Ved fiskeriprojektet på Historisk institutt har vi difor sett det som ei viktig oppgåve å få kartlagt og registrert dette tilfanget. På det viset kan vi truleg og hindra at verdfullt kjeldetilfang vert borte, til skade for fiskerihistorisk og lokalhistorisk forskning. I arbeidet med Fiskeriprojektet har vi alt fleire gonger sett døme på at viktig tilfang er gått tapt. Gamle arkiv-saker har oftast lita praktisk interesse for eigarane. Dei er plasskrevjande og difor dyre å ta vare

på. Kan hende er det mange arkiveigarar som ikkje utan vidare ser kva for verde tilfanget deira kan ha i ein større samanheng.

Hovudføremålet med «De norske fiskeriers historie» er å laga eit vitenskapleg verk om utviklinga av norsk fiskerinæring frå år 1500 til i dag. To band (1815—1880), skrivne av professor Trygve Solhaug er alt utgjevne. Manuskriptet til bandet om perioden 1500—1815 vert no fullført av professor Stein Tveite. Både Solhaug og Tveite var før knytte til Historisk institutt ved Universitetet i Bergen, men Solhaug er i dag professor ved Norges Handelshøgskole i Bergen og Tveite er professor ved Noregs Landbruks-høgskole på Ås.

Forskarane er no i full gong med å leggja til rettes dei to siste banda (1880—1970). Parallelt med dette vil det etter oppdrag bli laga eit verk om Fiskeridirektoratets historie. Heile prosjektet skal vera ferdig i midten av 1980-åra, seier Edgar Hovland.

Eigedsrett til «Kartøy Senior»

Sigmund, Jan og Per Kristiansen, Årviksand, har fått løyve til å overta eigedsretten til m/s «Kartøy Senior», og til å innføre fartøyet i merkeregisteret.

Ikkje industri- eller reke-tråling for «Trygve Stener»

Stener Hepsø, Sandviksberget, har fått avslag på ein søknad om å få drive reke-tråling med m/s «Trygve Stener» ST-42-O. Det blir heller ikkje gitt løyve til industritråling da båten er over 300 brt.

Ringnotløyve og eigedsrett for «Austholm»

Arne, Ingolf, Øyvind Sævik og P/R Kings Cross, Eggesbønes, har fått løyve til å overta eigedsretten til m/s «Austholm» M-62-HØ. Det er også gitt ringnotløyve for båten. Seljaren av «Austholm», Reidar Blankholm m.fl., Leinøy, kan ikkje rekne med å få ringnot og trålløyve for anna fartøy.

SMÅNYTT



Reguleringsutvalget ikke enig om trålernes torskekvote

I samsvar med avtalen mellom Norge og Sovjet har Norge i 1980 en kvote norsk-arktisk torsk på 191 000 tonn. Dette er en kraftig reduksjon i forhold til årets kvote på 325 000 tonn. Reguleringsutvalget for fiskeriene drøftet nylig spørsmålet om trålernes andel av totalkvoten i 1980, men utvalget kom ikke til full enighet i dette spørsmålet. Det er Fiskeridepartementet som nå skal fastsette trålernes andel av totalkvoten. Det er imidlertid klart at trålkvoten vil bli betydelig lavere enn i 1979 da den var på 143 000 tonn.

Når det gjelder fordelingen av trålerkvoten i 1980 var Reguleringsutvalget enig om å fordele kvoten mellom de forskjellige trålergruppene på samme måte som i 1979. Hvor stor kvote den enkelte tråler vil få, vil først kunne beregnes når

trålernes andel av totalkvoten er fastsatt.

Reguleringsutvalget ble også orientert om de reguleringsstiltak som er fastsatt i fiskerivtalen mellom Sovjet og Norge for 1980. Her går det fram at maskevidden i trål i fisket i nord for 64 grader skal økes fra 120 til 125 mm, og gjøres gjeldende seinest 1. januar 1981. Videre skal minstemålet for torsk heves 1. januar 1980 fra 34 til 39 cm og for hyse fra 31 til 35 cm. Det skal være adgang til 15 prosent undermåls fisk i vekt i de enkelte fangster. Videre skal det innføres forbud mot fiske med pelagisk trål i fisket etter torsk og hyse nord for 64 grader. Det kan også innføres lukking av områder der det blir fastslått at mer enn 15 prosent i vekt av torsk og hyse er under det fastsatte minstemål.

Godkjent anlegg for Tromsfisk

Tromsfisk A/S, Tromsdalen, har fått godkjent eit anlegg for pakking av fersk fisk og for tilverknad av saltfisk/tørrfisk.

Lån til Frans Fredriksen

Fiskeridepartementet har gitt til-sagn om eit lån på 50 000 kroner til Frans Fredriksen, Nykvåg. Lånet skal nyttast til delvis finansiering av filetmaskin, oppmalingskvern, vekt m.m.

Eigedsrett til m/s «Mulegga»

Jakob Bastesen, Brønnøysund, har fått løyve til å overta eigedsretten til m/s «Mulegga» T-128-BG (ex «Strandby») til erstatning for den forliste m/s «Toftbuen».

Verdi av utførsel av fisk og fiskeprodukter, selfangst- og hvalfangstprodukter

	jan.-okt. 1979	kr. 1000
Fisk og fiskeprodukter:		
Fisk, krepsdyr og bløtdyr ..	2 450 046	
Fisk, krepsdyr og bløtdyr, tilberedt eller konservert ..	568 799	
Sildolje og annen fiskeolje ..	137 187	
Tran (herunder haltran og høyvitaminholdig tran og olje) ..	55 763	
Herdet fett (fra fisk og sjøpattedyr) ..	192 119	
Mjøl og pulver av fisk, krepsdyr eller bløtdyr ..	590 350	
Tang- og taremjøl ..	4 007	
Andre fiskeprodukter ..	52 188	
I alt	4 050 459	
I alt jan.—okt. 1978	3 553 024	

Hvalfangstprodukter:		
Hvalkjøtt ..	12 490	
Hvalolje ..	—	
Sperm- og bottlenoseolje ..	1 101	
Hvalkjettekstrakt ..	—	
Kjøttmjøl ..	—	
Andre hvalfangstprodukter ..	1 578	
I alt	15 169	
I alt jan.—okt. 1978	7 657	

Selfangstprodukter:		
Selolje ..	2	
Rå og beredte pelsskinn av sel, kobbe eller klappmyss	37 804	
I alt	37 806	
I alt jan.—okt. 1978	33 729	



Eigedomsrett og trålløve for «Garmy»

Alf Ulland og Ernst Larsen, Hidrasund, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Garmy» VA-3-F. Det er også gitt tilsagn om trålløve for «Garmy». Løyvet gjeld konsumtråling sør for 65 grader og industritråling sør for 64 grader nord. Det vil ikkje bli gitt kvote av norsk-arktisk torsk nord for 62 grader.

Reguleringsutvalget tilrår at:

Snurperne får 91 prosent og trålerne 9 prosent av vinterloddeknoten

Norge har en kvote på 5 570 000 hl i vinterloddefisket 1980, mens det tilsvarende fisket i år ga et utbytte på 5 677 000 hl. Reguleringsutvalget for fiskeriene drøftet nylig fordelingen av vinterloddeknoten for 1980 mellom trålere og snurpere, og utvalget tilrådet at snurperne får 4 680 000 hl og trålerne 890 000 hl av kvoten.

Trålernes andel av kvoten utgjør 9 prosent av totalkvoten. Dette tilsvarende trålernes gjennomsnittlige andel av oppfisket kvantum i årene

1974—79. Dersom deltakelsen av trålere blir vesentlig mindre enn ventet, forutsetter reguleringsutvalget at trålernes andel av totalkvoten blir revurdert. Utvalget tilrår en regulering av loddefisket som gjør at hver snurper og tråler får tildelt en fartøyskvote, og at hver båt får anledning til å fiske opp hele kvoten. Det blir videre tilrådet at loddefisket bør åpnes 28. januar, og at båtene vil miste sin kvote dersom de ikke har begynt fisket innen 3. mars.

Halvering av aust-tysk og polsk fiske i norsk sone i 1980

Både Polen og Aust-Tyskland vil få redusert sitt fiske i norsk sone til om lag det halve i 1980 samanlikna med 1979. Dette er klart etter at forhandlingane med dei to landa vart sluttført i Bergen i slutten av november.

Reduksjonen i kvotane er i samsvar med tidlegare avtaler om gradvis reduksjon i dei to landa sitt fiske frå den norske økonomiske sona vart oppretta i 1977 og til utgangen av 1980. I 1980 vil Aust-Tyskland og Polen berre få høve til å fiske utanfor 50 nautiske mil i norsk sone.

Aust-Tyskland får i 1980 ein kvote på 9000 tonn uer og 600 tonn blåkveite nord for 62 grader i til-

legg til 200 tonn torsk, hyse og andre arter som bifangst. Kvoten sør for 62 grader er på 1000 tonn sei og 300 tonn andre arter som bifangst. Polen får i 1980 ein kvote på 800 tonn uer, 500 tonn blåkveite og 250 tonn torsk, hyse og andre arter som bifangst, nord for 62 grader, og i Nordsjøen en kvote på 4 000 tonn sei og 300 tonn andre arter som bifangst. Både Polen og Aust-Tyskland har fått tilsagn om løyve til prøvofiske etter kolmule i norsk sone, men også dette fisket vil bli avgrensa med kvotar.

Kvote-drøftingane med Polen og Aust-Tyskland var frå norsk side leia av ekspedisjonssjef Gunnar H. Gundersen i Fiskeridepartementet.

Forbud mot trålfiske etter hyse tilrår Reguleringsutvalget

Reguleringsutvalget tilrår at det i 1980 innføres forbud mot direkte trålfiske etter hyse på bakgrunn av den alvorlige situasjonen for hyse-bestanden. Hver tråler vil imidlertid få anledning til en bifangst av hyse på 15 prosent av den enkelte trålers årskvote av norsk-arktisk torsk. Videre tilrår utvalget at det blir innført forbud mot

fiske etter hyse med not. Utvalget fremmet ikke forslag om andre nasjonale regulerings tiltak i hysefisket. Fiskeridepartementet skal nå ta stilling til forslagene fra Reguleringsutvalget.

Den norske kvoten av norsk-arktisk hyse i 1980 er 33 500 tonn. Norsk hysefiske i år utgjør om lag 50 000 tonn.



Britiske undersøkelser legges til grunn ved ICES kvotestemmelser

«Dansk Fiskeri Tidende» brakte i begynnelsen av november et større intervju med to av lederne ved det engelske Fiskerilaboratoriet i Lowestoft.

De kom i intervjuet særlig inn på to forhold. For det første at laboratoriets resultater blir lagt til grunn for kvoter for andre land enn Storbritannia innen EF og at man dermed fikk en uforholdsmessig stor påvirkningsmulighet overfor disse land. For det andre kom de inn på kommunikasjonen mellom fiskere og forskerne.

Forbløffet

Når man ser på innholdet av det materiale som legges til grunn for ICES (Det internasjonale Havundersøkelsesråd), er det forbløffende å konstatere hvor mye av det som er britisk. Vi er også overrasket over at de andre nasjoner som er med i ICES tolererer dette forhold, sier direktøren for Lowestoft Laboratoriet, Arthur Lee.

Nei til EF-senter

I løpet av de siste år har tanken om et felles EF-havforsknings-senter vært framsatt. Dette vekker ikke interesse blant forskerne i Lowestoft.

Vårt synspunkt, sier Arthur Lee, er at det er bedre å drive forskning på nasjonal basis. Deretter kan resultatene passere gjennom ICES-maskineriet. Det hjelper ikke at vi får et stort senter, våre data vil likevel komme fra de nasjonale flåter.

Dessuten vil en slik organisasjon kreve enormt med ressurser.

I tillegg er det viktige fiskerinasjoner som f.eks. Norge som står utenfor Fellesmarkedet. Derfor er det viktig å ha et fora hvor Norge er med i.

ICES utgjør her en tilfredsstillende organisasjon for utveksling av nasjonale forskningsresultater.

Fiskere og forskning

Naturligvis er vi fra tid til annen utsatt for kritikk fra fiskerilaboratoriene. Forskerne må her sette inn mer på å få en forbindelse eller kommunikasjon med fiskerne som klart viser hva forskerne gjør og hvorfor dette arbeidet er viktig.

Vi må være i stand til å overbevise fiskerne om at de må stoppe fisking når det forekommer overfisking. Er det umulig å overbevise fiskerne, har forskningen liten verdi, hevdet Arthur Lee til slutt i intervjuet med «Dansk Fiskeri Tidende».

Oljeutvinning nord for Island

Geologiske undersøkelser viser at det kan finnes oljeforekomster på kontinentalsokkelen rundt Island, melder «Iceland Review» i november-nummeret. Undersøkelsene fant sted i området nord for Island.

I fjor utførte et amerikansk forskningsfartøy geologiske undersøkelser som viste at hydrokarbon-forekomstene på mange måter kunne gi visse forhåpninger om olje. Ekspedisjonen oppdaget et 200 km langt og smalt belte av sedimentære strata. Laget var likevel tykt nok til å kunne inneholde olje. Tykkelsen på strataet var opptil 4 km og dette blir betraktet som det dobbelte av det som er nødvendig for at det skal finnes olje.

Samtidig presiserer «Iceland Review» at forholdene ved sedimentære strata bare er én av flere betingelser som må oppfylles for at det skal finnes olje. Ingen av de andre forholdene har i denne ekspedisjonen blitt undersøkt.

Formasjonene som er undersøkt ligger videre på 400-meters dyp. Dette er betraktelig mer enn det man opererer på i dag. Likevel regner man med at den raske utviklingen av oljeteknologien vil gjøre det lett å utvinne olje både på 400 meter og dypere. Hvordan det vil gå med de andre ressursene i havet, som f.eks. fisken, ved en eventuell oljeutvinning, vil antakelig også bli studert heter det i «Iceland Review».

«Nordsjøflåten skal halveres» mener engelske forskere

Det er kritisk for fiskebestanden i Nordsjøen, sier de britiske havforskere Arthur Lee og D. H. Cushing til Dansk Fiskeri Tidende i et intervju 15. nov. dette år. Det må i første omgang taes i bruk virkemidler som bl.a. økt maskevidde, lissenssystemer og kvoter.

På sikt må vi derimot arbeide for å redusere antall fartøyer i Nordsjøflåten. Til Fiskeri Tidende sier Arthur Lee: I et svar på en forespørsel fra det britiske parlament for en stund siden, sa jeg at den totale Nordsjøflåte skal være 40 prosent mindre. Men jeg kan ikke gi noe svar på hvordan det skal gjøres. Det vil heller ikke unngåes at nedskjæringen får sosiale og økonomiske konsekvenser. Som forsker beskriver jeg problemet — hvor stort det er — dvs. jeg har konstatert at vi har en altfor stor fiskekapasitet, så må politikerne velge virkemidler.

WISNESS & CO. LTD.

Albert Edward Dock,
NORTH SHIELDS NE 29 6EA

Import norske fiskeprodukter
Fryse- og kjølelager

T'gr. Norewis · Telex 53112
Tel. North Shields 71416

DET FINNES EN DEL «TJUUVFISKERE»

